



MODALEN KONTROLLUTVAL

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 03.mai 2023 kl. 09.00 – 13.15

Stad: Formannskapsrommet, kommunehuset

Tilstades: Sigmund Vikane (leiar), Ove Eidsnes (nestleiar), Sigrunn Almelid Birkeland (medlem),
Linda Tollfelsen (medlem) og Bjørn Helge Venås (medlem)

Forfall:

Andre: Rådmann Jo Bjarthe Tømmerbakke, (i sak 14,15,17 og 19/23), økonomisjef Magne Verpelstad
(i sak 14 og 17/23) og assisterande rådmann Tonje Husum Aarland (i sak 14 og 15/23)

Revisor: Revisjonssjef Janne Eraker, Vestlandsrevisjon IKS

Sekretær: Torbjørg Grøttveit Gjerstad, Region Nordhordland IKS

INNHOLD

11/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet	2
12/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 22.02.2023.....	2
13/23 Meldingssaker	3
14/23 Årsrekneskap og Årsmelding 2022.....	4
15/23 Aktuelt i Modalen kommune	5
16/23 Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2024	5
17/23 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2022.....	6
18/23 Møteprotokoll frå politiske utval	6
19/23 Møtedato for neste møte	7
20/23 Eventuelt	7



11/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 03.05.2023 er godkjent.

HANDSAMING I MØTET

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 03.05.2023 er godkjent.

12/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 22.02.2023

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 22.02.2023 er godkjent slik den ligg føre.

HANDSAMING I MØTET

Samrøystes vedteke

Det var ein feil i protokollen, der Bryggjeslottet vart omtala som Fjordslottet.

VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 22.02.2023 er godkjent slik den ligg føre.



13/23 MELDINGSSAKER

- a) Ny rettleiar frå NKRF om kontrollutvalet sitt sjåtil-ansvar
- b) Årsmelding Modalen kontrollutval presentert av leiar i kontrollutvalet i KS-sak 016/2023
- c) Informasjon om sekretariatskonferansen
- d) Status forvaltningsrevisjon

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.

HANDSAMING I MØTET

- a) Sekretariatet informerte kort om rettleiaren frå NKRF og generelt om at det foregår kontinuerleg utviklingsarbeid for kontrollutval og kontrollutvalssekretariat frå NKRF og FKT. Denne rettleiaren går gjennom «sjåtil-ansvaret» for kontrollutvalet utover det som er pålagt med revisjonsarbeidet og skal gje råd og rettleiing.
- b) Leiar informerte om presentasjonen av årsmeldinga i kommunestyret

Samrøystes vedteke

VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene til orientering.



14/23 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2022

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

HANDSAMING I MØTET

Økonomisjef, Magne Verpelstad, gav ei orientering om rekneskapen 2022, om økonomiske forhold og finansielle måltal. Netto driftsresultat i Modalen ligg godt over vedteke målsetjing.

På disposisjonsfond går utviklinga feil veg, mykje på grunn av utgifter til rassikring. I vedteke budsjett og økonomiplan for 2023 – 2026 ligg det plan om å få disposisjonsfondet på rett veg igjen i løpet av 2024.

Det har vore meir avvik i 2022 enn kva som har vore tidlegare år. Avvika er forklarte i årsmeldinga og økonomisjef og rådmann gjekk gjennom avvika det vart stilt spørsmål til.

- Budsjettet på teknisk kan vera vanskeleg å vurdere mtp. vedlikehald på bygg og utførutsette hendingar på bygg.
- Avvika heng saman med inntekta frå konsesjonskrafta, som varierar. Denne inntekta har større betydning for økonomien enn kva ein har sett tidlegare.
- Tiltak for å redusera vikarbruk innan helse og omsorg har vore å tilsetje meir ressurs på fast basis, slik at ein unngår mykje vikarbruk.

Rådmannen gav ei kort overordna orientering om årsmeldinga.

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om revisjonen, og gjekk gjennom innhaldet i revisjonsmeldinga og rapporten om rekneskapet. Det er eit ryddig og godt rekneskap og årsmeldinga er godt framstilt. I rapporten om rekneskapet har revisjonen peika på at Modalen, i 2023, må ha meir fokus på: uteståande fordringar, bundne fond og avsetjingar for løyvingar frå næringsfond.

Kontrollutvalet stilte seg bak framlegget til uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.



15/23 AKTUELT I MODALEN KOMMUNE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Rådmann, Jo Bjarte Tømmerbakke, orienterte om:

- Oppfølging etter ulykka i Bryggjeslottet. Harris Advokatfirma skal gjennomgå forskrifta for bruken av bassenget.
- Lokale for ungdommar i kommunen er tilrettelagt.

Assisterande rådmann, Tonje Husum Aarland, orienterte om:

- Oppmoding om flyktingar i 2023 – usikkert kor mange det blir

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

16/23 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLLARBEIDET 2024

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr 852 198.

Budsjettframlegget vert sendt over til kommunestyret, og skal følge innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.

BEHANDLING I MØTET

Sekretariatet gjekk gjennom forslag til budsjett for kontrollarbeidet. Revisjonssjef Janne Eraker forklarte kvifor revisjonskostnadane er høgare for 2024.

Kontrollutvalet vart einige om å utsetje saka til møtet i september for å få eit meir korrekt budsjett på plass.

VEDTAK

Kontrollutvalet utset saka til møte 27.september.



17/23 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIOMRÅDET 2022

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek saka til orientering

BEHANDLING I MØTET

Revisjonssjef Janne Eraker, orienterte generelt om forenkla etterlevingskontroll, samt gjennomføring, funn og tilrådingar etter etterlevingskontrollen med temaet «økonomiske fullmakter».

Revisjonen har gitt ein rein revisjonsuttale.

Ut i frå oppsummering og konklusjonen til revisor kom kontrollutvalet med eit framlegg til ein del 2 i vedtaket:

Kontrollutvalet ynskjer orientering om korleis kommunen har følgd opp tilrådingane frå revisor i neste møte, 27.september.

Samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering
2. Kontrollutvalet ynskjer orientering om korleis kommunen har følgd opp tilrådingane frå revisor i neste møte, 27.september.

18/23 MØTEPROTOKOLL FRÅ POLITISKE UTVAL

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering

BEHANDLING I MØTET

Ingen særskilde saker og melde om

VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering



19/23 MØTEDATO FOR NESTE MØTE

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Ingen framlegg til vedtak

BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 15/24

Neste møte er satt opp 27.september, som er siste møte for sitjande kontrollutval. Rådmannen kom med forslag om at både det sitjande kommunestyret og det konstituerte kommunestyre får presentert rapporten.

VEDTAK

Kontrollutvalet heldt seg til møteplanen slik den er oppsett.

20/23 EVENTUELT

Leiar lyfta fram at det er ynskeleg at medlemmer i kontrollutvalet vert invitert til å delta i kommunen sitt folkevaldopplæringsprogram for det nye kommunestyret.

Kontrollutvalet stilte seg bak dette.

VEDTAK

Kontrollutvalet oppmodar om at medlemmer og varamedlemmer i kontrollutvalet vert invitert til å delta i folkevaldopplæringa jamf. side 35 i kontrollutvalsboka. *«Det vil vere ein føremon at alle medlemmer og varamedlemmene i kontrollutvalet får høve til å delta på folkevaldopplæringa som normalt blir gjennomført i etterkant av kvart kommuneval. Ein føresetnad for å gjere eit godt arbeid i kontrollutvalet er at ein kjenner til styringssystemet i kommunen, budsjettarbeid og sentrale reglement og føresegner».*